

***Praksisskule og praksisrelatert
FoU-verksemd – ta fatt.***

Frode Olav Haara

TITTEL	NOTATNR.	DATO
Praksisskule og praksisrelatert FoU- verksemd – ta fatt.	2/04	25.03.04
PROSJEKTITTEL	TILGJENGE	TAL SIDER
Eit naudsynt initiativ for å marmorera omgrepet praksisskule, og til ei auka praksisrelatering i allmennlærerutdanninga ved HSF	Open	34
FORFATTAR	PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG	
Frode Olav Haara	Frode Olav Haara	
OPPDRAKSGJEVAR	EMNEORD	
Intern	Praksisskule, studentpraksis, praksisrelatert FoU- verksemd, partnerskapsskular	
SAMANDRAG / SUMMARY		
<p>Den nye øvingslæreravtalen fører inn omgrepet praksisskular i samband med studentpraksis i allmennlærerutdanninga. Notatet tar utgangspunkt i ei undersøking av praksiserfaringar blant allmennlærerstudentar studieåret 2003/2004, og dei innkomne svara vert analyserte og kommenterte ut i frå at heile skulen kor praksis vert gjennomført, har eit ansvar for studentane sin praksis.</p> <p>Vidare vert det sett på korleis eit vidare samarbeid kan utviklast mellom HSF-ALI og i første rekke dei praksisskular vi alt har avtalar med. Eit slikt samarbeid er i sær interessant med tanke på auka fokus på praksisrelatert FoU-verksemd ved HSF-ALI. Det er å håpe at dette vil gjere det lettare å organisere og gjennomføre feltarbeid for tilsette ved HSF-ALI, og samtidig eller i tillegg drive kompetanseheving ved samarbeidsskulen.</p> <p>Det vert òg sett på moglege konsekvensar for undervisning og studentpraksis i allmennlærerutdanninga dette kan gi framover.</p>		
PRIS	ISSN	ANSVARLEG SIGNATUR
Gratis	0806-1696	

Forord

Praksis har ein sentral posisjon i allmennlærerutdanninga, og *alle* har ei meining om praksis og den aktivitet som finn stad knytt til praksis. Etter ei tid som fagleg ansvarleg for praksis i allmennlærerutdanninga, finn eg det naudsynt å få fram kva tankar eg har om praksisen si framtidige stilling i utdanninga. I dette har eg fokusert på i sær to punkt:

- praksisskule som nytt berande omgrep knytt til praksis i utdanninga.
- tilrettelegging for, gjennomføring og dokumentasjon av praksisrelatert FoU-verksemd blant fagpersonalet ved HSF-ALI.

Denne rapporten har få svar, men inneheld heller ein god del synspunkt og standpunkt, og vil difor helst prøve å skape debatt og vilje til handling knytt til gjennomføring av praksis og praksisrelatert FoU-verksemd i allmennlærerutdanninga.

Rapporten rettar seg først og fremst mot fagpersonalet som underviser i allmennlærerutdanninga, rektorar og øvingslærarar ved praksisskulane som er tilknytt HSF-ALI, og leiinga ved HSF-ALI. At den kan ha interesse for andre, til dømes studentane ved allmennlærerutdanninga og studieleiinga ved HSF, ser eg òg som naturleg.

Til grunn for arbeidet med rapporten ligg det analyse av svar på ei skriftleg undersøking om praksis blant allmennlærerstudentane i 1A, 2A og 3A studieåret 2003/2004, og svar/tilbakemeldingar på ein e-post 01.03.04 til fagpersonalet ved HSF-ALI. Arbeidet med rapporten er gjennomført i løpet av underteikna sin pappapermisjon, og rapporten tilhøyrer såleis ikkje noko oppnemnd prosjekt, og kan ikkje setjast i direkte samanheng med anna arbeid ved HSF.

Takk til studentane som deltok i undersøkinga, og villig delte sine tankar med meg.

Takk til medlemmer av fagpersonalet for innspel via e-post.

Takk til Viktor for avtale om fast formiddagslur, slik at far kunne skrive litt.

Sogndal, 25.03.04
Frode Olav Haara
Studieleiar for
Allmennlærerutd.

Innholdsliste

SAMANDRAG.....	v
1 INNLEIING.....	1
2 BAKGRUNN FOR STUDIET/RAPPORTEN.....	3
3 INNKOMNE SPØRJESKJEMA	5
4 RESULTAT – KVA ER REALITETANE VIA INNKOMNE SVAR FRÅ STUDENTANE?.....	7
5 KORLEIS KAN SAMARBEIDET MELLOM HSF OG PRAKSISSEKULANE UTVIKLAST VIDARE?	15
6 OPPSUMMERING	23
7 TIDSPLAN FOR VIDARE ARBEID	25
LITTERATURLISTE	27

Samandrag

I den nye øvingslæreravtalen står det mellom anna at øvingslæraren ikkje lenger er tilsett ved lærarutdanningsinstitusjonen, men at rektor ved praksisskulen er ansvarleg for at studentane får relevant praksis. Øvingslærarane vert engasjert av rektor, i samarbeid med tillitsvalde og praksisadministrasjonen ved lærarutdanningsinstitusjonen. Øvingslæraren held fram med å ha hovudansvar for ei studentgruppe i praksissituasjonen. Basert på indikasjonar om at denne nye vinklinga av allmennlærerpraksisen ikkje har fungert heilt godt ved enkelte skular, og har gått særsmidig ved andre skular, har studieleiaren ved allmennlærerutdanninga gjennomført ei skriftleg spørjeundersøking blant studentane ved allmennlærerutdanninga i Sogndal studieåret 2003/2004.

I undersøkinga kjem det mellom anna fram at øvingslærarane utan særskilde unntak vert rost for sin innsats, rettleiing og kompetanse. Majoriteten av rektorane ved praksisskulane i undersøkinga, tek eit klart ansvar for å gi studentane ein oversikt over skulen dei har praksis ved, og eit innblikk i korleis ein slik organisasjon fungerer. Men dette siste vert diverre ikkje gjort ved alle praksisskular knytt til HSF-ALI. Dette er ein situasjon HSF-ALI må leggje arbeid i. Studentane skal ha eit praksisorganisasjonstiltak uavhengig av kva skule dei har praksis ved. Dette gjeld òg trivsel. Ikkje alle studentane følte seg like velkomne ved eit par skular, i hovudsak fordi mange studentar har praksis ved skulen samtidig. Øvingslærar blei noko åleine om å ta eit integreringsansvar. Slik skal studentane ikkje oppleve at det er å arbeide ved ein grunnskule. Praksisskulane det gjeld bør fokusere på korleis dei tek i mot studentane, og HSF-ALI bør kanskje setje eit tak på kor mange studentar som samtidig skal ha praksis ved ein og same praksisskule.

Korleis ein ved HSF-ALI kan leggje vinn på å utvikle samarbeidet vidare med praksisskulane er den andre sentrale delen av rapporten. Dette vert tatt opp i sær knytt til praksisrelatert FoU-verksemde og kompetanseheving i regi av fagpersonell ved HSF-ALI ved dei praksisskulane som legg til rette for gjennomføring av FoU-prosjekt. Eit tiltak for å leggje betre til rette for slik kontakt er å inngå *partnerskapsavtalar* mellom HSF-ALI og skular som er interessert i eit slikt samarbeid. Det er å håpe at gjensidig forpliktande avtalar om utveksling av kompetanse, og tilrettelegging for praksisrelatert FoU-verksemde, skal gjere det organisatorisk lettare å gjennomføre slikt arbeid. I denne samanheng vert det òg foreslått å opprette eit *Fou-utval/forskarrettleiingsteam* ved HSF-ALI, og omgrepet *praksisdeltaking* vert innført som erstatning for, og utvikling av omgrepet praksisbesøk.

I rapporten vert det òg sett på korleis utsegn og omgrep som praksisrelatert undervisning, regionsamling, øvingslærar og undervisning av studentane, samt rapporteringsansvar har, og kan ha, ei rolle knytt til undervisning og praksis i allmennlærerutdanninga framover.

Til sist er det foreslått ein tidsplan for vidare arbeid knytt til dei initiativ som er tatt med tanke på å marmorere praksisskuletanken, og utvikling av samarbeidet mellom HSF-ALI og praksisskulane med tanke på praksisrelatert FoU-verksemde og kompetanseheving ved praksisskulane.

Eit naudsynt initiativ for å marmorere omgrepet praksisskule, og til ei auka praksisrelatering i allmennlærerutdanninga ved HSF

1 Innleiing

Initiativet bak denne rapporten har eit tosidig opphav. Tilbakemeldingar frå studentar og faglærarar seier at det ser ut til å vere til dels store forskjellar i "liv og lære" knytt til praksisgjennomføring og innføring av praksisskule som det nye samlande omgrepet i allmennlærerpraksisen. Som studieleiar ved allmennlærerutdanninga er eg interessert i at høgskulen i større grad har forventningar og set krav til korleis den enkelte øvingsskule opptrer som praksisskule, og dette initiativet er meint som ein initiering av eit debatt som bør ha som mål å utarbeide ei ny haldning til og vektlegging av praksis som del av allmennlærerutdanninga. Dette vil føre med seg eit arbeid med å utforme korleis ein skal sjå for seg allmennlærerpraksisen, samt informasjonsarbeid og endringsinitiativ ovanfor faglærarar, rektorar og øvingslærarar.

Vidare har det over tid vorte naudsynt å sjå på praksisrelateringa i allmennlærerutdanninga. Praksisbudsjettet ved utdanninga har dei siste åra vore under press ved kvar einaste budsjettbehandling. Vi får som regel beskjed om at vi nyttar for mykje pengar til praksis, og at pengebruken må strammast inn. Det ser vidare ikkje ut til at det vert auka løyvingar til praksis i åra som kjem.

På same tid vert det frå fleire hald stilt krav knytt til innslag frå praksis i lærarutdanninga:

- Departementet ynskjer ei praksisrelatert undervisning
- Allmennlærerstudentar kjem stadig tilbake til eit krav om meir praksisstyrt undervisning
- I det siste har dei fleste politiske parti tatt til orde for meir praksisrelevant utdanning.

Eit slikt krav omfattar sterkast faglærarane som underviser i allmennlærerutdanninga, og kravet har ein viss relevans gjennom at praksiserfaringar er ein sær sær viktig del av studentane si utdanning som allmennlærarar. Difor er det grunn til å ta eit initiativ til debatt også rundt dette aspektet ved praksisen si rolle i allmennlærerutdanninga.

I arbeidet med rapporten har studentane i 1A, 2A, 3A studieåret 2003/2004 svart på eit spørjeskjema i etterkant av sin grunnskulepraksis dette året. Eit kvalitativt analysearbeid knytt til dette datamaterialet vert lagt til grunn for konklusjonane knytt til øvingsskulane som praksisskular, saman med ei omfattande mengd samtalar og meningsutvekslingar med studentar, faglærarar og administrativt tilsette ved avdeling for lærarutdanning og idrett. Eigne erfaringar og inntrykk har òg sin naturlege plass i eit slikt arbeid, då sjølve initiativet til dette arbeidet byggjer på ei kumulering av inntrykk som stetter behovet for eit slikt arbeid.

2 Bakgrunn for studiet/rapporten

Ein ny øvingslæreravtale vart gjort gjeldande frå 01.01.2002 (UFD, 2002). Denne avtalen innebar mellom anna at læraren som fungerer som øvingslærer ikkje lenger er tilsett ved lærarutdanningsinstitusjonen, men at det gjennom avtalen mellom praksisskulen og lærarutdanningsinstitusjonen er rektor ved praksisskulen som er ansvarleg for at studentane får ein relevant praksis. Dette vert gjennomført ved at rektor og tillitsvalde, i samarbeid med praksisadministrasjonen ved lærarutdanningsinstitusjonen engasjerer øvingslærarar som framleis skal ha eit hovudansvar for ei studentgruppe når det gjeld rettleiing, undervisning og innføring i skulekvardagen.

Tilbakemeldingar og erfaringar frå praksis har gitt indikasjonar på at denne nye vinklinga av allmennlærerpraksisen har hatt ein noko trong fødsel ved enkelte skular, og har gått særsmidig ved andre skular. Studieleiar ser det difor som teneleg å få eit oversyn over situasjonen ved dei enkelte øvingssskulane, sett gjennom studenten sine erfaringar.

Den kvalitative analysen av dei innkomne spørjeskjema ligg som nemnt i hovudsak til grunn for konklusjonane, men det er og sett av rom for å innlemme mine egne inntrykk og opplevingar som konklusjons- og tiltaksgrunnlag.

3 Innkomne spørjeskjema

Spørjeskjemaet, som er vist i figur 1 på side 6, vart levert ut til studentane i samband med felles oppsummering av praksis etter avslutning av praksisperiode (1A og 2A hadde to praksisperiodar, og undersøkinga vart gjort etter første periode i 1A og etter andre periode i 2A). Studentane fekk relativt god tid til å svare utfyllande på dei fem punkta spørjeskjemaet besto av, og dei innkomne svara inneheld difor omfattande mengder med informasjon knytt til erfaringar med praksisskulen.

I studieåret 2003/2004 sendte HSF-ALI totalt 121 studentar i allmennlærerpraksis, fordelt på 1A, 2A og 3A. 106 utfylte spørjeskjema vitnar såleis om ein svarprosent på 87,6%. Dette må seiast å vere ein akseptabel svarprosent med tanke på signifikante analyseresultat.

Studentane svarte til ein viss grad anonymt på spørjeskjemaet. Det vil seie at dei naturleg nok var delt inn i dei tre årskulla, som alle har praksis på ulikt årssteg (1A – mellomtrinnet, 2A – småskuletrinnet, 3A – ungdomstrinnet), samt at dei vart bedt om å skrive opp kva for skule dei hadde hatt sin praksis ved (Sjå figur 1).

Dei innkomne svara har vore underlagt ei kvalitativ analyse, med ein ståstad sett i forhold til kvalitativ og kvantitativ analyse knytt til spørjeundersøking, slik den er framstilt i Ary, Jacobs & Razavieh (1996).

Døme frå dei innkomne spørjeskjemaene er ikkje innarbeidd i rapporten som biletmateriale, men heller trekt fram i sitatform. Dette for å unngå eit stort meirarbeid. Dei originalt innkomne svara er det mogleg å få tilgang på ved å rette seg til studieleiar for allmennlærerutdanninga.

I alfabetisk rekkjefølgje vert følgjande grunnskular omfatta av undersøkinga, då dei fungerte som praksisskular i studieåret 2003/2004:

- Eid Ungdomsskule, Eid
- Farnes skule, Årdal
- Flatane skule, Førde
- Flora Ungdomsskule, Flora
- Hafslo Barne- og Ungdomsskule, Luster
- Høyanger skule, Høyanger
- Kaupanger skule, Sogndal
- Krokane skule, Flora
- Leikanger Barneskule, Leikanger
- Leikanger Ungdomsskule, Leikanger
- Olden skule, Stryn
- Solvorn skule, Luster
- Svelgen skule, Bremanger
- Tangen skule, Årdal
- Torvmyrane skule, Flora
- Trudvang skule, Sogndal
- Undredal skule, Aurland

At nettopp desse skulane deltok i undersøkinga var tilfeldig, då det varierer noko kva for skular som vert nytta som praksisskular frå år til år, og denne undersøkinga vart bestemt gjennomført først etter at praksisplassane var fordelt på dei nemnde praksisskular. Det er difor ikkje grunnlag for å seie noko om desse skulane i forhold til skular som ikkje vart nytta som praksisskular i studieåret 2003/2004, anna enn at dei fleste av skulane som var praksisskular dette året har vore nære samarbeidspartnarar med HSF-ALI i fleire år. Difor er det å vente at resultatane på ein god måte viser korleis ordninga med praksisskule fungerer, ettersom det er representert både øvingsskular som har tatt i mot studentar i fleire år, og øvingsskular som er ferske samarbeidspartnarar med HSF-ALI.

<p>Rapport av hvordan Skule ble oppfattet som praksisskole.</p> <p>Fortell kort om ditt første møte med praksisskolen:</p> <p>Fortell hvordan du fikk inntrykk av at hele skolen var opptatt av at du hadde praksis der som lærerstudent?</p> <p>Bruk noen eksempler til å vise hvordan skolen fikk deg til å føle deg velkommen og verdans i praksisperioden:</p> <p>Hvilke krav satte rektor til deg som student, og på hvilken måte tok rektor ansvar for å gi deg innføring i skolens daglige rutiner, pedagogisk ststed, organisering, etc.?</p> <p>Hvorfor vil du gjerne arbeide som lærer på en slik skole som den du nettopp har hatt praksis ved?</p>
--

Figur 1: Utlevert spørjeskjema

4 Resultat – Kva er realitetane via innkomne svar frå studentane?

Ein gjennomgang av dei innkomne spørjeskjemaene må ta utgangspunkt i at det er representert tre grupper med ulikt erfaringsgrunnlag frå lærarutdanninga (studentar frå 1. til 3. årssteg), og at spørjeskjemaet vart nytta etter første periode hos studentane frå 1. årssteg, mens det vart nytta etter siste/einaste periode hos 2. og 3. årssteg. Dette kan mellom anna ha påverka kva studentane på 1. årssteg skriv om rektor si rolle knytt til deira praksis, då rektor kan ha planlagt ut i frå at studentane skal ha praksis ved skulen i to periodar i studieåret 2003/2004. Då dei fleste skulane som er involvert i praksis ved 1. årssteg også vert nytta ved 2. og/eller 3. årssteg, ser det likevel ut til at dei tendensane som trer fram gjennom svara frå 1. årsstudentane vert stetta av svara frå 2. og 3. årsstudentane. Det ser ut til å vere godt samsvar mellom inntrykka knytt til dei einskilde skulane på tvers av årsstega.

Resultata frå undersøkinga vert kommentert med det aktuelle punkt frå spørjeskjemaet som overskrift (omsett til nynorsk).

Fortel kort om ditt første møte med praksisskulen:

Når ein student møter ein praksisskule for første gong, bør det vere nær sagt sjølv sagt at han eller ho vert møtt av øvingslærer og ein representant frå administrasjonen. At eit første møte med skulen så vert fylt med ein omvisning, ein oversikt over kva som vert forventa av studenten, rutinar ved skulen og til sist eit møte med praksisklassen, kan vere ein naturleg progresjon. Dette er viktig for tydeleg å vise studenten at ved skulen har ein felles oppfatning av ulike sider ved skulekvardagen, til dømes i samband med opptreden i forhold til kollegaer og elevar, og kva for signal ein sender ut som lærar. I tillegg føler vi alle ein viss vørndnad ved ei mottaking prega av noko høgstemd.

Ei slik mottaking skildrar studentane frå vel halvparten av dei praksisskulane som har vore med i undersøkinga. Rektor tek ansvaret for å ynskje studentane velkommen til skulen, og gir til kjenne kva forventningar og ynskje skulen har til praksisopphaldet. Dette er ein type mottaking som vi må freista å oppretthalde og få til ved alle våre praksisskular.

Ved alle dei involverte praksisskulane tok øvingslærer ansvar ved det første møtet studentane hadde med skulen, og ved dei aller fleste praksisskulane blei studentane tidleg presentert for resten av personalet ved skulen. Dette er då også heilt naturleg.

Det er diverre òg nokre studentar som skriv om mottakingar der dei ikkje fekk omvisning ved skulen, ikkje fekk helse på rektor eller inspektør tidleg/i det heile, eller vart losa inn i klasserommet til praksisklassen utan å få helse på andre enn øvingslæraren. Det er ikkje slik eg vil at mitt første møte med ein skule der eg skal ha praksis skal vere. Dette fører heller til at eg ser på meg sjølv som ein byrde for den aktuelle skulen, enn som ein potensiell ressurs og framtidig kollega. Psykologisk sett gir nok ein slik start trongare

kår for utviklinga av ein praksis der ein føler at ein er inkludert og har spelerom.

Fortel korleis du fekk inntrykk av at heile skulen var opptatt av at du hadde praksis der som lærarskulestudent?

Dette spørsmålet har gitt relativt sprikande svar frå skule til skule, men dei store fellestrekkene er at faglærarane ved skulane opptre inkluderande. Her er nokre utsegn frå spørjeskjemaene:

- *De håpte vi fikk det fint hos dem*
- *Kollegiet tok oss imot på best mulig måte, og eg trur ikkje lærarane kunne møtt oss på ein bedre måte*
- *Studentene var en del av kollegiet*
- *Alle lærarane verka opptekne av det og øvingslærer og rektor i sær*

Desse utsegna vitnar om ei sterk interesse for at studentane sin praksis og oppleving av skulen skulle bli positiv og lærerik.

Det fins også døme på andre inntrykk frå studentane sin praksis knytt til kontakt med andre i personalet enn øvingslærer:

- *Eigentleg var det sikkert mange lærarar som ”forbipasserte” som kanskje ikkje visste me var studentar*
- *men det var jo også noen som styrte unna oss*
- *Heile skulen gav meir eller mindre blanke f... i at vi var der. Ingen andre enn øvingslærer – klassen brydde seg*

Dei noko negative inntrykka kjem frå studentar som har hatt praksis ved praksisskular der enten rektor er sær lite involvert i studentane sin praksis, og/eller det er mange studentar samtidig og hyppig studentgrupper. Dette kan kanskje tyde på ein form for slitasje som gir seg utslag i ein form for likesæle både blant rektor og andre som arbeider ved skulen. Dei nemnde faktorane kan gi ein slik utvikling som studentane skildrar som naturleg konsekvens, men materialet viser og døme på at det ikkje må bli slik. HSF har kontakt med praksisskular som har fleire studentgrupper samtidig, og relativt ofte studentar innom, kor studentane melder om at dei føler seg sær velkomne. Ein skule som har ein inkluderande tone og ein rektor som prioriterar det å vere ein praksisskule er då naudsynt.

Eit tiltak for å unngå slike opplevingar av praksis kan i første omgang vere å sette eit tak på maksimalt ti studentar ved ein praksisskule om gangen, det vil seie to grupper med fem studentar i kvar gruppe, eller to grupper med tre studentar og ei med fire studentar.

Eit tiltak som òg fortener å bli diskutert er om det bør knytast ein form for åremålstanke til avtalane som vert inngått med praksisskulane, der praksisskulen kanskje har eitt år utan studentar til dømes kvart sjuande år. Det viktigaste tiltaket er nok likevel at rektor tek ansvar for å informere personalet om studentane som har praksis ved skulen, og går føre i ein inkluderande prosess. Avtalar med studentane om tilbakemeldingar på korleis dei opplever skulen under sitt virke i ein avgrensa periode må til

dømes vere verdifullt. Mange skular lever fort sitt eige liv. Kva om ein avtale mellom rektor og den enkelte student inngått tidleg i praksisperioden til dømes sa: *Finn minst ein regel/norm ved skulen som er tullete og bør/kan takast vekk?* Potensielt verdifull informasjon for rektor, og viktig for ein student som skal vere observant på den organisasjonen han/ho er ein del av, meiner praksisskulerektoren som fortalte meg at han alltid inngår ein slik avtale med studentane som har praksis ved skulen der han er rektor.

Nytt nokre døme til å vise korleis skulen fekk deg til å føle deg velkomen og verdsett i praksisperioden:

Spørsmålet er formulert slik at det vert oppfordra til å gi døme på positive opplevingar frå praksis i samband med å kjenne seg velkomen og verdsett.

Døma frå studentane deler seg i hovudsak i to grupper; *den sosiale integrering* og *den faglege integrering*.

Den sosiale integreringa fokuserar på at studentane fekk halde til på lærarrommet saman med dei andre tilsette (som diverre ikkje er sjølv sagt ved alle praksisskular knytt til HSF, seier studentane), tilgang på kaffi, kaffitraktar, eigen arbeidsplass for studentgruppa, invitasjon til å delta på sosiale aktivitetar etter arbeidstid, etc., samt ein vedvarande god tone og merkbar interesse frå også andre tilsette enn øvingslærer og rektor ved skulen.

At studentane i stor grad vel å fokusere på slike faktorar som viktige for deira oppleving av praksisskulen viser i stor grad kor viktig det sosiale er i praksissituasjonen. I seg sjølv er ikkje den einskilde faktoren så viktig, men den totale praksisopplevinga vert prega sjølv av det som isolert sett er detaljar. Det betyr noko for din praksis ved ein praksisskule om du; for å låne eit utsegn frå eit foredrag Rektor Lars Flakstad ved Gokstad skole i Sandefjord hadde under tittelen: *Hvordan skape en god praksisskole?* på ein konferanse knytt til nyutdanna lærarar og praksis i lærarutdanninga i desember 2003:

(...opplever at skolen plasserer studentene på et lite grupperom sammen med en vannkoker og de døde dyrene skolen har på sokkel eller glass...)

Det bør vere naturleg at praksisskulen i den grad det er mogleg ikkje berre ynskjer, men nærast instruerer studentane om å bruke lærarrommet i korte og lengre felles pausar. Mange interessante diskusjonar, og mykje av det kollegiale samværet finn stad på lærarrommet. Dette er difor også ein viktig del av studentane sin praksis.

Dette bringar meg over på den faglege integreringa studentane trekkjer fram frå praksis. Studentane fortel at dei har stort utbytte og stor glede av at også andre tilsette ved praksisskulen er interessert i å diskutere faglege spørsmål og utfordringar med dei, og lyttar til dei synspunkt og forslag dei kjem med. Når andre lærarar spør deg om di meining knytt til ei særøppgåve som skal vurderast, forslag til aktivitetar knytt til eit emne i tyskundervisninga eller kva du meiner om Kristin Clemet sitt initiativ til fysisk aktivitet for alle kvar dag i skulen, og lyttar til meininga di, er det eit prov på at du vert inkludert

og at andre oppfattar yrkesvalet ditt som ei riktig avgjersle. Som student har dette verdi for din sjølvtilitt i samband med det yrket du er på veg inn i.

Nokre fleire døme på korleis studentane følte seg verdsett i praksis bør òg kommenterast:

- Ved to skular vart studentane vist stor tillit ved at dei fekk tilbod om å ha vikartimar. Dette er naturleg nok ein stor tillitserklæring, men i utgangspunktet ikkje akseptabelt ut i frå HSF-ALI sitt syn på praksis. Praksis i allmennlærerutdanninga skal vere ein rettleidd praksis, og då krev det at øvingslærer eller ein lærar med mynde frå øvingslærer, rettleier og er til stades i undervisninga. I praksisperiodane ved praksisskulane vil difor ikkje HSF-ALI at studentane skal få tilbod om timar som vikar. Det er mogleg å argumentere for at studentane kan ha erfaringsmessig nytte av å vere vikar, men i den grad ein student vil sikre seg slike erfaringar må og skal dei ligge utanom praksisperiodane.
- Ved ein skule hevdar studentane at dei i for stort omfang fekk tilbod om å delta i undervisning hjå andre lærarar enn øvingslærer, og at dei difor etter ei stund nærast følte seg som ei avlastning for lærarane ved skulen. Dette er heller ikkje ynskjeleg, sjølv om studenten klart har utbytte av å oppleve ulike elevgrupper, for ei for stor oppstyking av rammene for praksissituasjonen gir rettleiar eit meir kompleks inntrykksgrunnlag å vurdere studenten sin praksis ut i frå. I sær progresjon i forhold til ei elevgruppe kan bli vanskeleg å vurdere. Overtaking av undervisning i andre elevgrupper enn dei studentane skal ha undervisning i, til dømes grunna øvingslærer si fagsamansetjing, skal det likevel sjølvsagt leggast til rette for. Studentane skal ha praksis i dei faga dei studerer ved utdanninga det aktuelle studieåret, og det bør ikkje vere noko i vegen for at studentane skal kunne møte andre fag frå skulekvardagen eller andre elevgrupper. Men øvingslærer må ta eit ansvar for at omfanget ikkje vert for stort, slik at studentane risikerer å bli usikre eller oppleve praksisen som fragmentarisk.

Kva for krav sette rektor til deg som student, og på kva for måte tok rektor ansvar for å gi deg ei innføring i skulen sine daglege rutinar, pedagogisk ståstad, organisering, etc.?

Under det første spørsmålet studentane fekk blei det sett noko fokus på kva for rolle rektor erfaringsmessig har, og bør ha, i samband med studenten sitt møte med praksisskulen. På direkte spørsmål om korleis rektor tek ansvar for å oppfylle dei delar av avtalen om praksisopplæring som ligg til rektor, fortel studentane om ulike erfaringar. I avtalen om praksisopplæring mellom praksisskulen og HSF heiter det at *rektor har ansvar for å gi studentane innføring i den samla verksemda ved skulen, også leiing*. Det seier seg då sjølv at denne delen av avtalen ikkje fullstendig kan delegerast til øvingslærer. Av meir psykologiske grunnar (som er nemnde tidlegare) er det òg teneleg at rektor tek på seg ein del ansvar knytt til studentane sin praksis ved skulen.

Ved langt dei fleste skulane som deltok i spørjeundersøkinga, viser erfaringane studentane har gjort at rektor i stor grad tek dette ansvaret. Ved brorparten av desse skulane igjen vert det gjennomført eit møte der rektor fortel om skulen si verksemd, rutinar, pedagogisk ståstad, korleis det er å vere leiar for ein slik skule, etc. Vidare er eit slikt møte ein fin arena for å leggje fram forventningar ein har til studentane, ulike krav ein set som leiar ved skulen, og eventuelt inngå avtalar med studentane knytt til vidare samtalar, etc. (Til dømes avtalen nemnt ovanfor om *noko som er tullete ved skulen*). Det er difor teneleg både for rektor og studentane å ha eit møte i samband med studentane sitt første møte med praksisskulen, enten for å gjere avtalar om vidare møteverksemd eller med ein gong å ha eit omfattande møte der ein tek opp dei momenta rektor meiner bør kome fram.

Det er ulike måtar å gjere dette på. Ved éin skule hadde rektor og studentane fast møte ein gong i veka. Ved kvart møte presenterte rektor nye sider ved skulen si verksemd, og studentane fekk spreidd informasjonen noko ut over perioden. Her er det viktig kva som kjem først. Regelen bør vere at det studentane treng å vite med ein gong, må dei få vite med ein gong, det vil seie i samband med det første møtet med skulen. Deretter kan ein spreie informasjonen noko utover i perioden. Ved ein annan skule gjorde rektor dette ved å invitere studentane på middag saman med øvingslærar og andre frå administrasjonen. Under middagen orienterte rektor studentane om ulike sider ved verksemda ved den aktuelle skulen, samtidig som det vart ei sosial stund. Eit liknande konsept ville vere aktuelt også i neste periode, då med andre sider ved verksemda på agendaen. Dette er naturleg nok eit flott initiativ ovanfor studentane, med openberre sosiale vinstar, men sjølvstundt ikkje naudsynt for å skape ein arena for orientering om skulen si verksemd. Korleis ein organiserer rektor sin formelle kontakt med studentane skal og må vere opp til rektor og øvingslærar sjølv.

Som sagt vert denne sida ved avtalen mellom HSF og praksisskulen godt oppfylt ved dei fleste av dei involverte praksisskulane, men det finst diverre unntak. Gjennomføring av eit slikt møte nest siste eller siste dagen i praksisperioden, har av klare årsaker avgrensa effekt. Skal studenten ha høve til å kunne sjå korleis skulen si ynskja verksemd i praksis fungerer, må ei orientering om denne kome relativt tidleg. Det er ikkje dermed sagt at eit avsluttande møte med rektor er lite fruktbart. Men det vil nok ha større verdi om eit avsluttande møte er ei oppfølging av minst eitt tidlegare møte mellom rektor og studentane.

I alle fall må vi for framtida unngå å få slike tilbakemeldingar som nokre av svara frå studentane i spørjeskjemaet inneheldt under spørsmålet om kva kontakt dei hadde hatt med rektor ved praksisskulen når dei har vore i praksis ved ein av våre praksisskular:

- *Møtte aldri rektor ved skulen*
- *Ingen kontakt med rektor*
- *Ingen – vet ikkje om det er han eller henne!*

Dette er ikkje bra. Ein meir eller mindre usynleg rektor gir studenten eit inntrykk av korleis ein skule vert leia som ikkje er riktig. Rektor si rolle er særst viktig for alle som har sitt virke ved den aktuelle skulen, om det så er reingjeringspersonalet, elevar eller lærarar. Oppleving av ein synleg rektor, som er opptatt av studentane sin praksis, er ein sentral del av studentane si praksiserfaring. Ved dei skulane der studentane ikkje opplevde at rektor var vidare involvert i praksisgjennomføringa, ynskjer og vonar HSF-ALI at rektor tek eit sterkare initiativ til å vere med på å gi studentane ei innføring i skulen si verksemd, og vere ein del av førsteinntrykket studentane får av praksisperioden ved skulen.

Kvifor vil du gjerne arbeide som lærar på ein slik skule som den du nettopp har hatt praksis ved?

Også tonen i dette spørsmålet har ei positiv lading, slik at studentane i all hovudsak har konsentrert seg om å finne grunnar til å ynskje å ha sin arbeidsplass ved den aktuelle praksisskulen. Nokre studentar har rett nok kontant slått fast at dei ikkje vil arbeide ved den aktuelle skulen, og dette heng til dels nøye saman med skulane der rektor vart opplevd som lite synleg, og studentane følte seg ignorert og oversett av ein majoritet av personalet.

Momenta som vert trekte fram som viktige for studentane med tanke på deira framtidige arbeidsplass deler seg stort sett inn i følgjande grupper; *arbeidsmiljø, skuleleiing, fagleg ståstad og kompetanse, ressursar og alderssamansetjing.*

- *Arbeidsmiljø:* Langt dei fleste studentane som ynskjer å arbeide ved den skulen dei har hatt praksis ved, trekkjer fram det gode miljøet mellom kollegaene som viktig. I dette ligg det som regel òg at forholdet mellom lærarstab og rektor vert opplevd som godt. Nokre studentar trekkjer òg fram elevmassen ved skulen, men dette verkar heldigvis å vere ein underordna prioritet for studentane.
- *Skuleleiing:* Ein del studentar peikar på leiinga ved skulen som viktig ved eventuell arbeidsplass. Ein tydeleg og bestemt rektor vert sett på som positivt. Det kan vere fleire årsaker til dette, men ei leiing med synleg ståstad knytt til ei verksemd si drift og utvikling er nok ein styrke same kva for syn ein har på dei ulike sidene ved verksemda. At ei synleg leiing kan ha ein tryggjande effekt for ein urutinert lærar(student), skal heller ikkje vere gløymd i denne samanheng.
- *Fagleg ståstad og kompetanse:* Nokre studentar ser det som interessant og viktig i eit framtidig arbeidsforhold at skulen har ein tydeleg pedagogisk plattform, gjerne litt *nyskapande, nytenkjande* og *alternativ* til det dei er van med. Dette er òg ein interessant tilbakemelding for HSF med tanke på innhaldet i pedagogikkfaget i grunnutdanninga. Der vert det sett på ein del ulike tilnærmingar til læring, men det er mange pedagogiske skular å velje mellom. Heilt sikkert er det i alle fall at det er praksisskular i HSF-ALI sin avtaleportefølje som sit på spanande empiri knytt til ulike pedagogiske ståstader som *Bifrost, Dei 7 intelligensane, Storyline, Verkstadpedagogikk*, etc. Dette kan vere interessant å følgje opp med

tanke på praksisrelatert FoU-verksemnd og auka praksisrelatering av undervisninga. At studentane trekkjer fram dette momentet kan det vere fleire årsaker til. At pedagogiske tankar dei ikkje kjenner frå før vert opplevd i ein setting der dei fungerer, kan i seg sjølv verka stimulerande og fengjande, men det er ikkje ei indoktrinering av den grunn. Det viser berre at studenten er nyfiken og interessert i å sjå ulike pedagogiske ståstar i praksis, samstundes som studentgruppa får eit rikt erfaringsgrunnlag å meisle ut sin eigen pedagogiske ståstad frå. Og dess betre du kjenner ein slik ståstad, og dess fleire du kjenner, er du i stand til kritisk å reflektere over dei ulike sidene ved ein pedagogisk retning.

Også den faglege kompetansen i eit framtidig kollegium vert nemnd av studentane som relevant for val av arbeidsplass. Nokre vidare kommentarar er ikkje naudsynt i denne samanheng. Vi ynskjer alle å arbeide saman med, og verta utfordra fagleg av dyktige kollegaer.

- *Ressursar*: Studentane som gruppe er opptatt av kva for ressursar den aktuelle skulen rår over. Eit godt uteområde, lyse, luftige og gode lokal, kulturelle moglegheiter, tilgang på utstyr av forskjellig slag, klassestorleik, etc. vert nemnt som faktorar som kan vere med og prege ynskje om arbeidsplass. Ein sprikande faktor i dette er skulestorleik. Studentane har ulike tankar om kva dei føretrekkjer når det gjeld kor stor ein skule bør vere når dei skal ha den som arbeidsplass. Konklusjonen må vere at ingen skule ser ut til å kome dårlegare ut enn andre på grunn av skulestorleik åleine.
- *Alderssamansetjing*: Nokre få av studentane er òg opptatt av at det bør vere representert ein del lærarar i kollegiet på deira eigen alder, men det vert òg poengtert at det vert opplevd som teneleg med ei brei alderssamansetjing. Å vere einig i det siste momentet er ikkje vanskeleg, det er nok å referere til fyndord som kontinuitet, erfaring, mangfald og fleirkultur. At studentane ynskjer å arbeide saman også med kollegaer på eigen alder, kan mellom anna ha samband med ynskje om smalare kulturelle band, og utvikling av tettare sosiale relasjonar med jamaldrande. Det er i så fall lett å forstå ut frå ein tanke om å trivast på arbeidsplassen.

I ei oppsummering er det først og fremst viktig å få fram at alle dei innkomne spørjeskjemaene viser ei positiv oppleving av øvingslærarar. Det er difor lett og hyggeleg å seie at øvingslærarane, basert på studentane sine erfaringar, gir eit framifrå inntrykk som rettleiarar og ansvarlege for studentane sin praksis.

Studentane opplever å bli godt mottekne ved dei aller fleste skulane. Samstundes kan ein del skular fokusere meir på korleis studentane møter praksisskulen for første gong. Dette møtet er viktig for å setje ein standard for den praksis som skal gjennomførast, med tanke på forventningar, krav, rutinar og lærarrolle. I dette er nokre skular eit stykke føre andre, og står som gode modellar for korleis ein praksisskule kan fungere, mellom anna med tanke på rektor si rolle, og eit inkluderande fokus på studentane som held til ved skulen. Dette aspektet ved praksisskuletanken er det naudsynt at i alle fall nokre skular som har deltatt i undersøkinga tek på alvor, då

studentane ikkje verkar å ha hatt ei god praksisoppleving ved skulen, om ein ser bort frå dei særst gode skusmåla studentane gir til øvingslærarane sine. Å ha praksis ved ein praksisskule skal òg gi ein heilskapleg oppleving av skulen som arbeidsplass og læringsarena, ikkje berre god rettleiing og erfaring med undervisning.

5 Korleis kan samarbeidet mellom HSF og praksisskulane utviklast vidare?

I desse dagar (februar/mars 2004) er det sett ned eit utval ved ALI (leia av Bente Karin Husabø) som skal sjå på organisering og omfang av praksis i lærarutdanninga som heilskap. Gruppa sitt mandat rettar seg først og fremst mot å sikre god, faglig kvalitet i praksisgjennomføringa, og i tillegg mot eit ynskje om meir effektiv utnytting av praksisbudsjettet i forhold til dei planverk som styrar utdanningane ved HSF-ALI. Deira innstilling vil i så måte vere eit viktig innspel i forhold til den innhaldsdebatten som her vert initiert. Gruppa skal vere ferdig med sitt arbeid 1. april 2004.

I denne samanheng er det interessant å trekkje fram nokre utviklingstrekk vi kan sjå knytt til praksis i allmennlærerutdanninga, samtidig som praksisbudsjettet er under vedvarande press:

- Praksisomfanget er allereie auka i dei to første åra ved allmennlærerutdanninga til 16 veker, fordelt på 8 veker pr. år, og kan auke meir (innstilling frå Husabø-utvalet vert overlevert Dekan og ALI-rådet).
- I det nye emnet *Grunneleggjande lese-, skrive- og matematikkopplæring* (GLSM) i allmennlærerutdanninga sitt 2. år har praksis fått ein meir sentral plass enn praksis kanskje har hatt i andre fag. Dette krev oppfølging frå faglærarane.
- Valfag - og vidareutdanningsstudentane (Dette som vert både 3. og 4. årsstudentar frå hausten 2005) kan få eit redusert øvingslærartilbod til fordel for annan rettleiingsverksemd og/eller anna praksisgjennomføring enn i dag (innstilling frå Husabø-utvalet vert overlevert Dekan og ALI-rådet).

Faglæraren ved HSF-ALI sin nye kvardag. Kva bør gjerast?

Ei auka satsing på grunnutdanningspraksis i allmennlærerutdanninga kan få konsekvensar for praksisen i valfaga og vidareutdanningane. I rammeplanen for allmennlærerutdanninga av 2003 (UFD, 2003a) er det sett eit krav om 20 veker rettleidd allmennlærerpraksis. 16 av desse vekene vert etter studieplan for allmennlærerpraksis basert på rammeplanen av 2003 gjennomført i løpet av dei første to åra, mot 19 veker praksis i løpet av tre år etter rammeplanen av 1999 (KUF, 1999) (Krav om 18 veker rettleidd allmennlærerpraksis).

Dette medfører at praksis vert ein større del av studiekvardagen i dei to første åra i utdanninga, og at det framleis gjenstår krav om fire veker rettleidd praksis før studenten har oppfylt krava til praksis frå rammeplanen av 2003. Dette er ein komplisert problemstilling, for om vi i allmennlærerutdanninga tonar ned innslaget av øvingslærarrolla i praksisen i valfaga og vidareutdanningane (der det har vore tale om rettleidd fagpraksis og ikkje rettleidd allmennlærerpraksis), vert eit allereie delikat problem endå meir påtrengjande: Korleis skal HSF-ALI makta å tilby studentane dei manglande fire vekene med rettleidd allmennlærerpraksis etter at dei er ferdige med dei to første åra av utdanninga?

Dette er eit spørsmål som på bakgrunn av Husabø-utvalet sitt arbeid på fagleg basis må drøftast i leiargruppa for HSF-ALI, studienemnd for allmennlærerutdanninga, ALI-rådet og studieplangruppa for praksis i allmennlærerutdanninga. Deretter må ein sjå på dei praktiske sidene ved

gjennomføring (Krav om rettleidd allmennlærerpraksis etter dei to første åra av utdanninga vil by på store organisatoriske utfordringar).

Eit forslag til løysing tillet eg meg likevel å kome med alt no: Det er mogleg å auke praksisomfanget på 2. årssteg med to veker alt frå studieåret 2004/2005, og berre ha skuleovertakinga 3. året (Noko som åleine kan by på organisatoriske utfordringar). Dette vil i så fall bety fem veker ungdomsskulepraksis i haustsemesteret og fem veker småskulepraksis i vårsemesteret på 2. årssteg. Grunnen til å auke frå åtte til ti veker praksis på 2. årssteg, og ikkje auke på 1. årssteg, er at då vil ingen studentkull verte råka av at praksisgjennomføringa vert endra (Det første allmennlærarkullet som går etter rammeplan av 2003 byrjar på 2. årssteg hausten 2004), samt at studentane allereie har i alt åtte veker praksis på mellomsteget på 1. årssteg.

Tilsynelatande ser det ut til å vere eitt svar på utfordringane som er nemnd over; både dei som allereie ligg føre oss, og dei som er modne for diskusjon; den einskilde faglærer må innstille seg på at ein større del av oppgåvene knytt til allmennlærerutdanninga skal ha samband med praksis.

Dette fordi:

- Ei oppfyljing av krava om meir praksisrelatert undervisning må byggje på forskning og erfaring frå praksis.
- Det heiter seg at lærarutdanninga si undervisning også skal vere forskingsbasert. I desse dagar har ei arbeidsgruppe fullført arbeidet med å fastsetje tre indikatorar på praksisrelatert FoU-verksemd, med bakgrunn i arbeidet med å finne ein fordelingsnøkkel i samband med fordeling av resultatbaserte FoU-ressursar. Her er det føreslått at praksisrelatert FoU-verksemd skal ha eit omfang på 40%.
- Om øvingslærerordninga vert redusert i stort omfang ved valfag og vidareutdanning, slik rammeplanen av 2003 opnar for gjennom si ramme på minimum tjue veker rettleidd allmennlærerpraksis (innstilling frå Husabø-utvalet vert overlevert Dekan og ALI-rådet), til dømes til fordel for ei ordning med ekstern rettleiing, må faglærer få styrka ressursar til praksisoppfølging av studentane. Om ikkje det vert gjort vert signala knytt til praksisen sin verdi i faget negative.
- Meir praksis i faga dei første to åra i allmennlærerutdanninga bør føre til at praksiserfaring og praksisrelatering vert styrka endå meir i det enkelte fag, slik utviklinga av studieplanen for GLSM har gjort.

Til dette er det å seie at mange av faglærarane fram til i dag har hatt, og framleis har, ein prisverdig og tidvis imponerande kontakt med praksisfeltet. Desse faglærarane bør vi sjå på som gode døme, og kanskje lære litt av. Sjølv om det er mange måtar å opprette kontakt med praksisfeltet på, om ein har tankar om praksisrelatert FoU-verksemd, er etablerte kontaktar og gode tips av stor verdi.

Å leggje til rette for praksisrelatert FoU – nokre moglege tiltak:

Innspel frå departement (UFD, 2003b), leiging, studentar og lærarar ute i skulen går som tidlegare nemnt i retning av ynskje om meir dokumentert praksisrelatert FoU-verksemd. Nestleiar i Utdanningsforbundet Per Aahlin (2003) seier det slik i eit sitat frå eit lesarbrev han hadde på trykk i det matematikdidaktiske tidsskriftet Tangenten hausten 2003: (...*Vi trenger*

systematisk kompetanseutvikling, vi trenger en vitalisert fagdidaktisk debatt og vi trenger styrking av klasseromsforskningen...)

Ein god måte å styrke disse sidene i grunnskulen og ved HSF-ALI er å utvikle samarbeidet som HSF i dag har med ein god del grunnskular knytt til praksis i allmennlærerutdanninga. Auka samarbeid mellom HSF-ALI og dei avtalefesta praksisskulane mellom anna knytt til praksis bør nemleg òg kunne resultere i høve til kompetanseheving ved praksisskulane. Dette kan gjerast på mange måtar, og på mange nivå.

Ein hovudtanke bak eit ynskje om vidare samarbeidsutvikling, er at spørsmål og idear til praksisrelatert FoU i stor grad spring ut rundt og i eit samarbeid om praksis. Ein annan tanke er at skulen er i stadig endring, og at det difor er viktig for faglærarane å halde kontakten med praksisfeltet.

Gjennom respons på ein e-post kring desse emna sendt til fagtilsette ved HSF-ALI 01.03.04, og nokre eigenproduserte tankar, ligg følgjande forslag til tiltak med tanke på auka samarbeid mellom HSF-ALI og dei avtalefesta praksisskulane føre, og bør diskutert på brei basis blant involverte partar:

- Partnerskapsavtalar mellom HSF-ALI og praksisskular

I dag har HSF-ALI bilaterale praksisavtalar med ei rekkje grunnskular. I denne standardiserte praksisavtalen ligg det ikkje noko innhald knytt til anna enn eit avtaleverk for gjennomføring av allmennlærerpraksis ved den aktuelle grunnskulen. Administrasjonen ved HSF-ALI kan i tida framover ta initiativ til å etablere partnerskapsavtalar med grunnskular som i dag er praksisskular (Ein slik avtale er allereie inngått med *Luster Vidaregåande skule*, knytt til PPU-utdanninga, men opnar òg for høve til samarbeid med allmennlærerutdanninga). Gjennom ein slik avtale bør det leggast til rette for at den enkelte faglærer kan hospitere, delta, prøve ut eller på annan måte engasjere seg ved den enkelte praksisskulen. Fleire typar meir omfattande samarbeidsløysningar bør òg vere mogleg å få til. Kanskje er det interessant for ein praksisskule og eitt enkelt fagmiljø ved ALI å utvikle eit breiare samarbeid over tid, med tanke på fagleg utvikling ved partnerskapsskulen, praksisrelatert FoU-verksemd for det aktuelle fagmiljø, kompetanseheving ved praksisskulen i regi av fagmiljøet ved HSF-ALI og nær kontakt knytt til studentpraksis (Sjå også UFD, 2003b).

Ein partnerskapsavtale gir utgangspunkt for eit forpliktande samarbeid, og mange andre høgskular i landet har allereie utvikla slike samarbeid.

Men det er naturleg nok ikkje naudsynt å ha ein slik avtale på plass for å kunne ta initiativ til ei utprøving av eit opplegg, observasjon, etc. ved ein skule som ledd i praksisrelatert FoU-verksemd. Til dømes har Ingrid Fossøy, Aud Marie Stundal & Eirik Jenssen gjort ein avtale med Trudvang skule knytt til eit prosjekt som stetter alle dei punkta eg har nemnd ovanfor. I prosjektet ynskjer dei:

(...å styrke den faglege og pedagogiske kvaliteten i allmennlærerstudiet gjennom å utvikle ei praksisopplæring som byggjer på prinsippa om yrkesretting, heilskap, fleksibilitet og progresjon. For å realisere prosjektet har Avdeling for

lærerutdanning og idrett (ALI) ved studie- og praksisadministrasjonen inngått forpliktande avtale med Trudvang skule ved rektor. Prosjektet er utvikla i samarbeid mellom prosjektgruppa, rektor og øvingslærarar. Studentane har og vore representerte i dette arbeidet.

Gjennom prosjektet tek vi sikte på å utvikle samarbeidet mellom høgskulen og skuleeigar. Vidare ønskjer vi å prøve ut alternative organiseringsmodellar og etablere nye og meir forpliktande rutinar for samarbeidet mellom lærarutdanningsinstitusjonen og øvingsskulen.

Kompetanseutvikling innan rettleiingsfeltet utgjer eit anna og viktig satsingsområde. Konkret handlar dette om å skolere det pedagogiske personalet ved samarbeidsskulen. Her ønskjer vi spesielt å fokusere kollegarettleiing gjennom utvikling av teamarbeid og ulike teammodellar. Som ein del av opplæringa vil vi også observere øvingslærarane i rettleiinga av enkeltstudentar eller studentgrupper. I tillegg til direkte tilbakemeldingar, vil vi her også leggje vekt på å kombinere ulike fasiliterande metodar, tilpassa situasjon og kontekst i rettleiinga. I denne samanhengen vil vi også sjå nærare på korleis rettleiing og oppfølging av studentane kan supplerast av nettbaserte løysingar.

I samarbeid med øvingsskulen ønskjer vi å gjennomføre eit praksisrelatert fou-arbeid, knytt til GLSM (Grunnleggjande lese-, skrive- og matematikkopplæring) der studentane er aktive deltakarar. Fou-arbeidet skal gjennomførast med dei andre faglærarane som skal undervise i GLSM...)

(Sitert frå Fossøy, Stundal & Jenssen, 2003)

Dette prosjektet er altså kome i gong utan ein partnerskapsavtale mellom HSF-ALI og Trudvang skule (som er ein av våre praksisskular). Det er jo slik vi har gjort det hittil, og det vil nok fungere i framtida også. Men slike partnerskapsavtalar vil auke fagmiljøa sine høve til å kunne virke inn på den aktiviteten som skjer ved den aktuelle praksisskule, samt at praksisskulen får kontinuitet i samarbeidet med eitt eller fleire miljø ved HSF-ALI, og i samband med dette kan fokusere på ei kompetanseheving. I den siterte prosjektsøknaden vert då òg dette trekt fram som ynskja konsekvensar av samarbeidet.

Ved etablering av partnerskapsavtalar må det i fagpersonalet på førehand vere avklart kven som ynskjer å drive forskingsbasert verksemd i kontakt med ein eller fleire skular. Idear ein har til slik verksemd må kome fram. Praksisskulane må òg ha høve til å kome med ynskje om kva fag eller felt dei konkret ynskjer å utvikle innanfor det HSF-ALI kan tilby. Dette først og fremst fordi den eine parten kan kome med innspel til samarbeid som den andre parten ennå ikkje har tenkt seg.

Partnerskapsavtalane og eventuelle vedlegg til desse (i tilfelle avtalane blir noe generelt utforma), beskriv konkret kva som skal

utviklast/forskast på, kor mykje tid og over kor lang tid dette er tenkt å gå over. For kvart prosjekt bør det altså utformast ei spesifisering.

I samband med dette har eg fått inn eit forslag om at det bør opprettast eit *FoU-utval/forskningsrettleiarteam* bestående av Dekan, studieleiar A (når det gjeld forskning i skulen) og ein særleg kompetent person innanfor det å drive med forskning, til dømes Edvard Befring, slik det er gjort ved nokre andre avdelingar ved HSF. I forslaget heiter det:

(... Teamet bør ha møte med den personen/teamet som driv forskning ved ein skule med jamne mellomrom, for å kome med innspel, vere til hjelp med framdrift, etc. Teamet sikrar:

- 1) at forskinga vert eit fellesansvar (vekk frå den privatpraktiserande forskaren som er omtalt i fleire samanhengar).*
- 2) støtte og hjelp i forskinga. Den/ dei som forskar må ikkje dra lasset åleine. Dei har aktiv og medverkande støtte frå institusjonen.*
- 3) kanskje betre framdrift og sterkare fokus på resultat ved at teamet er med og følgjer opp dei avtalar som er inngått.*
- 4) kanskje betre kvalitet ved at personar med forskingskompetanse og personar med god oversikt over politiske føringar, er med og støttar og rettleiar...)*

I dag fins det ikkje noko slikt team, og heller ikkje lenger ein eigen FoU-rettleiar ved avdelinga, men Edvard Befring (Professor II i 20 % stilling) står til disposisjon for dei faglærarar som ynskjer samtale/rettleiing knytt til forskingsbasert verksemd. Forpliktande samarbeid knytt til praksisskular, eller andre institusjonar, kan føre til at det kan vere lettande for den som driv FoU-verksemd om eit team følgjer opp både gjennom rettleiing knytt til det aktuelle prosjektet og eventuelle avtalar som er gjort. Danning av eit slikt team bør difor diskuterast.

Eit anna innspel er at det bør vurderast om personar som går inn i større forskingsprosjekt knytt til partnerskapsavtalar kan få ein større del av stillingsressursen til forskning innanfor tidsrommet dette finn stad og kanskje ein mindre del når perioden er over. Dette vil seie ein form for tidskonto knytt til forskning. Innspelet seier ikkje noko om tidskontotanken òg skal gjelde forskning som ikkje er relatert til praksis i utdanningane ved HSF-ALI. Frå ein prinsipiell ståstad meiner eg at den må gjelde for all forskingsbasert verksemd. Det er likevel slik, som tidlegare nemnt, at praksisrelatert FoU-verksemd er forventa å vere ein stor del av FoU-verksemda ved HSF-ALI, og det er grunn til å seie at det er mange problemstillingar knytt til grunnskule og barnehagar som treng meir forskning og utviklingsarbeid.

- *Ut med praksisbesøk – inn med praksisdeltaking*

Ved HSF-ALI har det i alle år vore tale om å reise på ”praksisbesøk”. Innhaldet i eit slikt besøk hos ei eller fleire

studentgrupper og deira øvingslærarar har sikkert variert frå ”besøk” til ”besøk”, men eit ”besøk” er no ein gong eit ”besøk”. Når du er på ”besøk” hos nokon reknar eg med at du får ei viss oppvarming, og ikkje treng å yta så mykje for å skapa eit godt ”besøk”. Sjølve ordet ”praksisbesøk” skapar altså ei forventning om at faglærar ikkje skal gjere noko medan han/ho er tilstades. Dette er då ein lite imponerande bruk av ressursar. Difor føreslår eg at omgrepet ”praksisbesøk” vert erstatta med *praksisdeltaking*. I dette omgrepet ligg det klar forventning hos den som kjem til praksisskulen, studentgruppa og øvingslærar om at faglærar ynskjer å vere med på, og prege, aktivitetar som finn stad ved praksisskulen. Det nemnte prosjektet ved Trudvang skule (Fossøy, Stundal & Jenssen, 2003) er eit døme på korleis denne tanken fungerer. Faglærarane går aktivt inn i praksissituasjonen, til utvikling for studentane, for øvingslærar (ikkje minst viktig at øvingslærar ser dette som meningsfullt og kompetansehevande), og for faglærarane si FoU-verksemd - briljant.

- *Faglærarar og skuleovertaking*

Allmennlærerstudentane ved HSF-ALI har i ei årrekke hatt skuleovertaking på programmet ved 3. årssteg. HSF-ALI mottek ein jamn straum av søknader frå grunnskular som ynskjer at HSF-ALI skal gjennomføre skuleovertaking ved deira skule. Å foreslå at faglærarane ein gong i blant burde ha ei veke skuleovertaking ved ein større eller mindre grunnskule vil eg ikkje, men om ei gruppe lærarar ville vere interessert i å ta over ein skule, for la oss seie ei veke, er det klart at det må vere mogleg å få til. Gode FoU-grunnar for å ta over ein heil skule kan vere mange, som døme kan ein tenkje seg at ein eigen plan for veka må lagast, kanskje med berre eit eller to fag/emne på programmet. Som feltarbeidsarena i eit FoU-prosjekt kan dette gi interessante moglegheiter, då elevane ikkje arbeider med andre fag/emne i utprøvsperioden. Eit slikt opplegg ville naturleg nok kome inn i ein partnerskapsavtale med den eller dei aktuelle skulen/skulane.

Faglærar, student og øvingslærar sitt samarbeid knytt til undervisning og praksis framover.

Praksis er ein sentral del av det å studere ved allmennlærerutdanninga. Dette er det brei semje om. I tillegg til at studentane også i framtida skal ha ein rettleia allmennlærerpraksis i regi av øvingslærar og rektor ved praksisskulen, bør arbeid for ei felles forståing av omgrepet praksisskule og eit løft i praksisrelatert FoU-verksemd også utvikle studentane sin undervisning og praksisgjennomføring.

- *Meir praksisrelatert undervisning...*

Dette vert det poengtert verdien av i rammeplanen for utdanninga (UFD, 2003a), og nærleik til praksisfeltet er eit vedvarande ynskje frå studentar og nyutdanna lærarar. Sterk fagleg utvikling og didaktisk kompetanse er særskilt viktig for å verte ein god lærar, men for å utvikle dette må ein òg møte kvardagen (i praksisskulane) og i undervisninga arbeide med problemstillingar på ein måte som gir

grunnlag for refleksjon knytt til fagområdet. Relatering av arbeidskrav, problemstillingar og døme til praksis er eit takksamt verkemiddel i dette, då studentane sit med ferske, og ofte sterke, inntrykk frå ein kvardag dei er opptekne av.

I undervisninga bør vi derfor halde fram med å vere fokusert på den rolla praksis har i utdanninga, gjerne knytte eigen praksisrelatert FoU-verksemd til undervisninga (då har vi ei utdanning som i alle fall er i framkant av utviklinga innanfor skulesektoren), og trekkje studentane med i FoU-verksemda.

- Øvingslærarar og deltaking i undervisning av studentane

Om HSF-ALI inngår meir forpliktande partnarskapsavtalar med praksisskular, vil det kunne bli aktuelt med byte av tenester. Faglærarar ved HSF-ALI føreles/retteleier/arbeider for kompetanseheving ved praksisskulen, og øvingslærarar (eller andre lærarar ved praksisskulen) kan ha samlingar med studentane, der det blir fokusert på prosjekt/undervisning som blir gjennomført ved praksisskulen, etc. Andre moglege tema kan vere kollegarettleing, IOP-arbeid, vurdering av elevarbeid, problemåtferd, etc. Eit slikt tiltak har eit strøk av metodikk over seg, men det må ikkje tolkast udelt negativt. Det viktige er at den didaktiske komponent kan verte stetta både av faglærar ved utdanninga og eventuelle krefter frå praksisskular. Den faglege komponenten høyrer naturleg nok framleis til hos faglærar ved HSF-ALI.

- Regionsamling

I dag vert det gjennomført regionsamlingar (diskusjonsforum med faglærarar og øvingslærarar med sine studentgrupper; i alt om lag 20 personar på kvar samling) i vårpraksisen ved 1. og 2. årssteg i allmennlærerutdanninga. Samlingane vert som regel gjennomført midt i vårpraksisen.

Sjølv har eg deltatt ved i alt fem regionsamlingar ved 1. årssteg, og har opplevd dette som ein god møteplass for å ta opp tema, situasjonsskildringar og problemstillingar frå studentane sin praksis. Eg veit at ikkje alle er einige med meg i eit slikt inntrykk. Ved 3. årssteg i allmennlærerutdanninga (etter rammeplan av 1999) vert det til dømes ikkje gjennomført slike samlingar, ut i frå at ein har signalisert at ein ikkje ynskjer det. Det er òg slik at ikkje alle finn desse samlingane like verdifulle heile tida. Det er eit godt argument, og til det er det å seie at ein slik samling vert aldri lik ein annan. Det er godt mogleg at det ikkje vert tatt opp særspanande sider ved studentane sin praksis, og ei lansert kvardagsutfordring vert sjeldan løyst. Fagleg teoretisering er heller ikkje særspanande. Men:

- Studentane får ta opp det dei er opptatt av akkurat no.
- Faglærarar kan etter avslutta praksis ta opp att tema frå regionsamlinga, og då setje dei inn i ein meir fagleg, generell/teoretisk samanheng.
- Studentane opplever faglærarar som er fokusert på deira praksis, og deira opplevingar, også mens dei er i praksis.

Etter mi meining bør vi difor halde fram med regionsamlingar i allmennlærerutdanninga, men det bør diskuterast kor på årsplanen desse samlingane skal ligge. Studentane skal ha fire praksisperiodar over to år, der dei har to periodar på mellomsteget 1. årssteg (haust og vår), ein periode på ungdomssteget (haust 2. årssteg), og ein periode på småskulesteget (vår 2. årssteg). Eit forslag kan vere å ha regionsamling i vårpraksisen ved 1. årssteget og i haustpraksisen ved 2. årssteget. Dette mellom anna for å unngå ein for stor samlingsfrekvens på faglærarar som underviser ved baa årsstega, og fordi GLSM har eit eige fokus på praksisperioden ved småskulesteget i vårsemesteret ved 2. årssteg. Om regionsamlingar framleis skal nyttast, kor dei skal ligge, og kva omfang dette tiltaket skal ha, må likevel diskuterast vidare før ein kan ta ei avgjersle.

- Studenten får meir rapporteringsansvar

I ein studiekvardag der praksisrelateringa godt kan opplevast sterkare enn i dag, og faglærarar vert oppmoda til å nytta praksisrelatert FoU-verksemd i undervisninga, har studentane ei viktig oppgåve med rapportering. Om ei studentgruppe til dømes gjer eit feltarbeid som er del av eit større arbeid faglærar har initiert, er det naudsynt med nøyaktige observasjonar og ei solid tilbakemelding i etterkant. Utan dette blir arbeidet av liten verdi for faglærar sitt FoU-prosjekt.

6 Oppsummering

I denne rapporten har eg hatt ynskje om å setje fokus på to sider relatert til praksis i allmennlærerutdanninga ved HSF-ALI:

- Praksisskulane si oppfyljing av innhaldet i avtalen om praksis.
- Ei tilrettelegging for meir praksisrelatert FoU-verksemnd ved HSF-ALI, og dokumentering av denne.

På ein konferanse knytt til nyutdanna lærarar og møtet med skulekvardagen eg deltok ved i desember 2003 vart det hevda at ein massiv avlæring av det ein har lært i lærarutdanninga finn stad i det første arbeidsåret som lærar, og at mange nyutdanna lærarar gir opp yrket etter kort tid. (...*Det blir for barskt...*) som det vart sagt i ordsiftet under den aktuelle konferansen. Desse påstandane skal få stå uimotsagt her, men om dette stemmer har vi som profesjonsutdanningsinstitusjon ikkje heilt makta å gjere alle dei uteksaminerte lærarstudentane klare til å fungere som lærarar, og sjølv utdanne seg vidare gjennom arbeidserfaring.

Ein gjennomgang av dei innkomne spørjeskjemaene som studentar i 1A, 2A og 3A har svart på, viser at vi ved HSF-ALI har knytt til oss praksisskular som i all hovudsak tek i mot studentane på beste måte, og informerer om korleis skulen fungerer. Nokre få skular har ennå eit arbeid å gjere her. Dette vil administrasjonen ved HSF-ALI arbeide med vidare.

Særs gledeleg og positivt er det at studentane nær sagt unisont trekkjer fram øvingslærar som ein ressurs i praksisperioden. Øvingslærarane som vert engasjert av praksisskulane fyller altså på beste måte si rolle som rettleiar og mentor for studentane.

Den andre delen av denne rapporten har vore konsentrert om korleis ein ved HSF-ALI skal kunne leggje betre til rette for praksisrelatert FoU, slik at dei ytre og indre krava til meir slik FoU-verksemnd kan verte stetta (UFD, 2003b).

Eit viktig innspel her er å inngå partnerskapsavtalar med i første rekkje praksisskular HSF-ALI allereie har avtale om praksis med. Slike partnerskapsavtalar er i seg sjølv ikkje noko garanti for at faglærarane i større grad enn i dag set i verk praksisrelaterte prosjekt, men dei bør etablerast på bakgrunn av samanfallande interesser frå HSF-ALI og praksisskulane. Eit døme på eit slikt samarbeid kan vere at faglærarar frå HSF-ALI gjennomfører feltarbeid ved praksisskulen, og samtidig driv kompetanseheving av fagpersonalet ved skulen, eller at lærarar ved praksisskulen vert trekt inn i undervisning ved HSF-ALI. (Sjølvsagt må ikkje ein slik avtale innehalde ei utveksling av tenester knytt til eitt prosjekt. Slik utveksling må ein tru vil utjamne seg over tid, i alle fall om HSF-ALI kan få til ei utviding av det eksisterande samarbeidet med skuleeigarane og Fylkesmannens utdanningsavdeling i fylket også til å gjelde yrkesretta FoU-verksemnd (UFD, 2003b).)

Også andre tiltak er trekt fram i rapporten med tanke på betre tilrettelegging for praksisrelatert FoU. Oppretting av eit *FoU-utval/forskarrettleiingsteam* er nemnd, *praksisdeltaking* er trekt fram som eit nytt omgrep, og det

moglege omfanget av skuleovertaking er det tenkt litt vidare rundt i forhold til det omfanget som er i dag.

Til sist er det sett litt på kva konsekvensar nye tankar rundt praksisskular og tilrettelegging for praksisrelatert FoU-verksemd bør ha for undervisninga i allmennlærerutdanninga, og korleis praksis kan verte påverka av dette.

7 Tidsplan for vidare arbeid

Denne rapporten gir forventingar om vidare arbeid, og det er sjølvstøtt at eg freistar å stå sentralt i den debatten som blir etterlyst. Dette må gjerast gjennom å informere om kva resultat som er kome ut av undersøkinga blant studentane, og kva tankar eg har om praksisen i allmennlærerutdanninga. I arbeidet med å leggje til rette for avtalar knytt til praksisrelatert FoU er det òg aktuelt at eg er med i den vidare oppfølginga. At administrasjonen ved HSF-ALI får eit ansvar i samband med å inngå samarbeidsavtalar med praksisskular, til dømes knytt til praksisrelatert FoU-verksemd, er naturleg.

Ein tidsplan for eige vidare arbeid knytt til denne rapporten kan sjå slik ut:

- *Informasjonsmøte med Dekanus HSF-ALI* (mars 2004)
Rapporten må distribuerast blant dei aktuelle interessegrupper for at ein debatt skal kunne få starte. Statusfastsetjing, trykking og distribusjon av rapport er Dekan sitt ansvarsområde.
- *Diskusjonsmøte med studienemnd A* (april 2004)
- *Diskusjonsmøte med leiargruppa* (april 2004)
- *Diskusjonsmøte med ALI-rådet* (april 2004)
- *Informasjons- og diskusjonsmøte med rektorane* (april/mai 2004)
I denne samanheng kunne det vere interessant å hente Rektor Lars Flakstad ved Gokstad skole i Sandefjord hit, for å høre korleis han har gjort Gokstad skole til ein praksisskule. Om han kunne bli supplert av ein allmennlærerstudent som har hatt praksis ved Gokstad skole ville òg det vere av interesse.
- *Informasjons- og diskusjonsmøte med faglærarane* (mai 2004)
- *Øvingslærarsamling haust 2004*
Presentasjon av utvikling knytt til ynskje om meir praksisrelatert FoU-verksemd saman med praksisskular.
Her vil eit samarbeid med Aud Marie Stundal, Ingrid Fossøy og Eirik Jenssen knytt til ein presentasjon av prosjektet dei har starta saman med Trudvang skule vere av stor interesse.

Litteraturliste

Aahlin, P. (2003). Hva slags matematikdidaktisk forskning trenger vi?.
Tangenten, **14**, 3, 26-29.

Ary, D., Jacobs, L.C. & Razavieh, A. (1996). *Introduction to Research in Education*. New York: Harcourt Brace College Publishers.

Fossøy, I. Stundal, A.M. & Jenssen, E. (2003). *Styrking av praksisopplæringa i allmennlærerutdanninga – Prosjektskisse mynta på Læringssenteret* (unpub.). Sogndal: HSF

KUF (1999). *Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanning*. Oslo: Norgesnettrådet.

UFD (2002). *Nye øvingslæreravtaler i førskole- og allmennlærerutdanningen, gjeldende fra 01.01.02*. Oslo: Dep.

UFD (2003a). *Rammeplan for allmennlærerutdanningen*. Oslo: Dep.

UFD (2003b). *Statsbudsjettet for 2004 kap. 274 Høgskolen i Sogn og Fjordane – tildelingsbrev for 2004*. Oslo: Dep.